



Forsand kommune

Politisk

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Dato: 24.06.2011
Vår ref.: 11/416-4/K1-232//BVG
Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no
Saksbeh. tlf.: 51 700 108
Dykkar ref.:
Att:

Melding om vedtak

Minimums- og maksimumsverdi for eiendomsskatt på kraftverk - høyring

Kommunestyret behandla saka i møtet den 21.juni 2011, og følgjande vedtak blei gjort:

Forsand kommune meiner at ordninga med minimums- og maksimumsverdi på eiendomsskatt for kraftverk må fjernast. Dersom dette vert gjort kan ein samstundes endre kapitaliseringsrenta, men Forsand kommune vil påpeike at høyringsnotatet ikkje syner dei økonomiske følgjene av ei slik endring.

Forsand kommune legg dette til grunn for sin uttale:

- *Minimums- og maksimumsverdi bryt med prinsippet om at eigedomskatten skal treffe eigedommens reelle omsetningsverdi. Eigedomskatten skal vere ein lokal fastsett skatt og ikkje ei avgift uavhengig av objektets lønnsemd.*
- *Dei aktuelle kraftverka i kommunen har allereie nådd maksimumsverdien.*
- *Maksimumsverdien hindrar kommunane i å få sin del av framtidig verdiskaping og fører dermed til ei forfordeling i favør av eigarkommunane.*
- *Endra produksjonsmønster gir større uheldige miljøkonsekvensar og større inntekter til kraftverkseigar. Vertskommunane får ulempene men ikkje sin del av inntektsauken. Pga dette vil maksimumsverdien bli eit disinsentiv for utbygging av ny vasskraftutbygging.*

Dersom maksimumsverdien vert oppretthaldt vil kommunen sine reelle eigedomsinntekter bli mindre og på sikt få følgjer for tenestetilbodet

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen


Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær

Kopi til:

Landssamanslutninga av
vasskraftkommunar

Postboks 1148 Sentrum

0104

OSLO